

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 DEP.
0033 OSLO

Bremnes 30.09.2014

Høyringsvar «Et bedre organisert strømnett»

Innleiing

Finnås Kraftlag SA er eit samvirkeleg med konsesjonsområde på Bømlo, - ein øykommune med fastlandssamband via Trekantsambandet. Selskapet er vertikal integrert og driv med nett, kraftomsetning og breiband. Selskapet har omlag 7700 nettkundar, 7000 kraftkundar og 4000 breibandskundar. Finnås Kraftlag vart stifta i 1946, og var fram til 2010 eit andelslag. Då vart selskapet omdanna frå BA til SA, og er i dag eit ekte samvirkeleg etter den nye samvirkeleva.

Finnås Kraftlag har arbeid gjennom rapporten om «et bedre organisert strømnett». Me synes rapporten gir eit godt bilde av det norske kraftsystemet, og delvis også dei utfordringar som bransjen står ovanfor. Me er samd med ekspertgruppa si vurdering av at det ikkje er antall selskap som er viktig, men at selskapa leverer det eigarar og kundar forventar. Me registrerer likevel at rapporten inneheld fleire forslag som kan true eksistensen til små- og mellomstore selskap, og dermed indirekte også leveringstryggleik og beredskap i distrikts-Noreg.

Finnås Kraftlag støttar innhaldet i KS-bedrift sin høyringsuttale, og vil såleis ikkje kommenterer alle momenta i rapporten. Me vil her peike på dei forhold som me meiner er viktige å framheva.

Våre hovudsynspunkt:

- Forslaget om funksjonelt og selskapsmessig skilje vil bety ein dramatisk kostnadsauke for små selskap. Ordninga vil vera unødvendig fordyrande og byråkratisk, og ulempene med å innføre eit slikt skilje står i klart misforhold til nytten. Etter vår vurdering vil dette forslaget redusere den langsiktige leveringstryggleiken i distrikta, og svekka beredskapen tilsvarende
- DEA-modellen er revidert fleire gonger dei seinare åra, og endringane har gitt ekstreme utslag på enkelte selskap sin berekna effektivitet. Store svingingar i effektivitet, utan at selskap har endra kostnadsnivå, gjer at ein opplever modellen som lite forutsigbar. Det er også usikkert kor treffsikker modellen er. Så lenge dette er tilfelle, meiner me det er heilt feil å vektlegge større del av frontelskapa sin kostnad. Det er også viktig at frontelskapa vert kvalitetssikra, slik at ein sikrar samanlikning mot relevante selskap med samanliknbare utfordringar og oppgåver
- Kapitaltilgang er ikkje eit problem for samvirkelega, men først og fremst eit problem for offentleg eigde selskap med ein offensiv utbyttepolitikk
- Samfunnet vert stadig meir avhengig av ein sikker straumleveranse. Eit lokalt selskap er den beste garanti for god beredskap og leveringstryggleik

- Selskap vil bli tvinga til å la seg selje. Lokalt samfunnsansvar vert då taparen

Før me kommenterer innhaldet i rapporten ytterlegare, ynskjer me å seia litt om føremålet til samvirkelag og forventningane til eigarane av eit slikt selskap:

Føremålet til samvirkelag

Føremålet til Finnås Kraftlag SA er å:

- *fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet,*
- *eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,*
- *omsetja elektrisk energi,*
- *produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,*
- *eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar,*
- *driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,*
- *delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og*
- *yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde. (§2)*

Eit samvirkelag har med andre ord fleire oppgåver *utover* det å driva med energiforsyning.

Forventingar frå kundane våre

Våre medlemmer er både kundar og eigarar. Dei har forventningar til at me skal levera eit sikkert og stabilt straumnett til ein akseptabel pris. I tillegg har dei forventningar til at me skal levera breibands-tenester av høg kvalitet, og på andre måtar bidra til positiv utvikling av Bømlo-samfunnet.

Bømlo kommune er i vekst, har eit aukande folketal og eit variert næringsliv med høg aktivitet. Til dømes vert om lag 7 % av Noregs oppdrettslaks slakta på Bømlo, dette utgjer verdiar på om lag 2,8 mrd kr. Den «berømte» Salma-laksen vert produsert på Bømlo og det er fleire store lakseslakteri på øya vår. Alle har investert betydeleg i bygg og produksjonsutstyr for å sikre fortsatt vekst. Det same gjeld fleire andre industriverksemd. Her er det naturleg å nemne hjørnesteinsbedrifta Wartsila Norway med 330 tilsette lokalt, og lang industritradisjon. Eit anna døme er rederiet Eidesvik Offshore, eit selskap med om lag 700 tilsette. Dei er lokalt eigd og har hovudkontoret sitt på Bømlo i nytt moderne administrasjonsbygg.

Felles for alle desse bedriftene er at dei er heilt avhengige av sikker straumforsyning og eit godt fibernett. I dag leverer me straum og fiber heilt ut i havgapet. Takka vera fibernett og moderne teknologi, kan store oppdrettsanlegg overvakast via kamera frå varme kontor, når hauststormar set inn. Med heile verda som sitt arbeidsområde, er rederiet Eidesvik heilt avhengig av godt fibernett. Finnås Kraftlag har i dag 100 % fiberdekning på Bømlo. Dette er heilt avgjerande for å sikre næringsutvikling og busetting i kommunen vår. Vår påstand er at dette ikkje ville vore mogleg, utan eit lokalt selskap.

Ordføraren i Bømlo kommune har gitt klart uttrykk for at eit lokalt selskap er viktig for å sikre lokal service, beredskap og leveringstryggleik. I tillegg er det viktig med lokale arbeidsplassar. Undersøkingar viser at kvar arbeidsplass i eit e-verk bidrar til 2 ekstra arbeidsplassar i lokalsamfunnet.

Finnås Kraftlag tar samfunnsansvar og bidrar til ei positiv utvikling av lokalsamfunnet, mellom anna ved å yta økonomisk støtte til allmennyttige føremål. Kulturhus, idrettsanlegg, turløyper etc. er viktig for innbyggjarane i kommunen og er med å sikra trivsel og busetting. Skal me tiltrekke oss nødvendig

kompetanse til verksemdene i kommunen vår, er det viktig at me kan tilby eit attraktivt kultur- og fritidstilbod.

Våre kundar måler oss ikkje berre på nettleige, resultat og avkastning, men på alle momenta nemnde ovanfor.

Kommentarar til rapporten

Selskapsmessig og funksjonelt skilje

Utvalet foreslår selskapsmessig og funksjonelt skilje. I dag er det krav om skilje for selskap med meir enn 100.000 kundar. Me er svært kritiske til å fjerne denne grensa. Dersom dette skjer, vil det medføre store utfordringar og auka kostnader, særleg for dei små selskapa.

Funksjonelt skilje betyr at små selskap ikkje lenger vil kunne dela ressursar effektivt mellom ulike verksemdområde, og ein mistar samdriftsfordeler. I dag løyser mange selskap fleire samfunnsoppgåver, slik som td. Breiband, VA etc. Det vil gi eit betydelig tap for selskapa dersom ein ikkje kan optimera samfunnsoppdragane ved å kombinere funksjonane.

Dei store selskapa vil ikkje oppleve kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje som like krevjande, fordi dei har mange tilsette å fordele oppgåvene på. Fleire av dei store selskapa er allereie organisert som konsern. Me synes det er eit stort paradoks at selskapa som har vore minst langsiktige i sin utbytte-, investerings- og vedlikehalds politikk, blir dei store vinnarane.

Ein annan konsekvensen vert at fleire selskap ikkje lenger vil evna å driva med kraftomsetning. Færre omsettarar vil bety svekka konkurranse.

Kapitaltilgang og evne til å møte framtidige investeringar

Utvalet uttrykker uro for e-verka si evne til å møte framtidig investeringsbehov.

Kapitaltilgang er i hovudsak eit problem for selskap med offentleg eigarskap. Evna til å investera er blitt redusert i offentlege selskap fordi eigarane har lagt opp til ein utbyttepolitikk som skal løysa kommunale oppgåver. Eit privat samvirkeleg har langsiktige eigarar. Ifølge vedtektene til Finnås Kraftlag, kan selskapet maksimalt dele ut 35% av årsoverskottet i kjøpsutbytte. Dermed er ein sikra at selskapet ikkje vert utarma økonomisk av eigarane. Samvirkelegget Finnås Kraftlag har god soliditet og ein eigenkapital på 84%.

Den største trusselen for selskapet er reguleringsrisiko, at styresmaktene vil stramma inn så hardt at me ikkje lenger vil evna å levera avkastning på Nett.

Leveringstryggleik

På bakgrunn av vår erfaring meiner me at eit lokalt eigd e-verk er den beste garanti for leveringstryggleik og beredskap på Bømlø.

Ein konsekvens av reguleringsmodellen og KILE-ordninga er at det ved større feil i nettet vil vera mest lønsamt å utbetra feil i sentrale område. Det same forholdet gjeld for investeringar, og fornying vil såleis skje der det er mest lønsamt. Det er naturleg at offentlege og private selskap med store krav til avkastning, vil tenkja på ein annan måte enn eit lokalt samvirkeleg. I vår filosofi og ut i frå samvirketankegangen er alle kundar «like mykje verd». Med eit lokalt selskap, vil nettleige frå

kundene i kommune vår bli investert tilbake i lokalsamfunnet. Med eit større selskap vil kapital truleg bli flytta frå bygd til by.

Beredskap

Vårt inntrykk er at små selskap generelt har god beredskap. Erfaringar frå katastrofar som til dømes orkanen Dagmar, viste at dei små selskapa takla utfordringane på ein sær god måte. Når ulykka er ute er det viktig med god lokalkunnskap og kort geografisk avstand til kommunal kriseleiing. Dette kom tydeleg fram då me i vinter gjennomførte ei stor 3-dagars beredskapsøving ilag med Kommunen og VA selskapet.

Kompetanse

Utvalet peikar på at små selskap slit med å skaffe nødvendig kompetanse. Me meiner at kompetanseutfordringar effektivt kan løysast gjennom forpliktande samarbeid mellom fleire selskap. I vår region, har me gode erfaringar med dette. Me kan til dømes nemna felles beredskapskoordinator, deling av HMS-ressursar, samarbeid om AMS, driftssentral, IKT etc. .

Endring i den økonomiske regulering

Utvalet foreslår å auke kostnadsnorma sin andel frå 60% til 70%

Finnås Kraftlag opplever den økonomiske reguleringa av nettselskapa som lite forutsigbar. Me har opplevd at vår målte effektivitet har svinga dramatisk i takt med fleire endringar i DEA-modellen. Så lenge det er usikkert kor treffsikker modellen er, vil det etter vår meining vera urimelig å auka kostnadsnorma sin andel til 70%.

For inneverande år vil ei slik endring bety ein reduksjon i ramme på om lag 1 mill. Ei endring frå 60-40 til 70-30 vil gi incentiver til kostnadsreduksjon, men det vil samtidig vri fokus vekk frå leveringskvalitet.

Ny DSO

Forslaget til ny DSO fråtek selskapa beslutning over eigne investeringar. Me oppmodar heller til ei ordning der dagens KSUer får mandat til å samordne planane, og la selskapa behalda ansvar for eigne investeringar.

Oppsummering

Me støttar rapporten sine mål om effektiv ressursbruk og lågast mogleg kostnad, men registrerer at fleire av tiltaka vil ha motsatt effekt og i staden bidrar til auka kostnad og redusert effektivitet.

Dersom tiltaka vert innført, har nettselskapet i hovudsak 2 val:

1. Tilpasse seg krava og halde fram som eige selskap
Konsekvens: auka nettleige og svekka konkurranse på kraftomsetning
2. Sal av heile eller deler av selskapet.
Konsekvens: Samordningsgevinstar går tapt, service, samfunnsansvar, leveringstryggleik og beredskap vert svekka. Det er også høgst usikkert om dei store selskapa vil ha betalingsvilje og evne til å gi ein pris som veg opp for det lokalsamfunnet tapar ved eit sal av selskapet.

Eit ønske om strukturendringar går som ein raud tråd igjennom heile rapporten. Me er samd i at færre nettselskap vil kunne bety effektivisering og kostnadsreduksjon, men tillèt oss likevel å minne om at teoretiske synergjar ikkje alltid lar seg realisere. Fusjonen mellom Trønderenergi og Trondheim Energi er eit døme på dette. Konsekvensen for kundar i Trondheim vart langt større auke i nettleiga enn forventa.

Me er ikkje samd i påstanden om at mindre selskap generelt ikkje er robuste nok til å møte framtidige krav om kompetanse og investeringar. Snarare tvert i mot. Samvirket har god erfaring med å samarbeide om å løyse oppgåver, og har gode økonomisk evne. Selskapet har eigarar som tenkjer langsiktig i sin investeringspolitikk, og som har kundar og lokalsamfunnet sitt beste som mål.

Med venleg helsing
Finnås Kraftlag

Nils Gunnar Gloppen
Elverksjef

